

## KORT OMTALE AV PROSJEKT SOM HAR FÅTT TILDELTE KVALITETSUTVIKLINGSMIDLAR i 2011

Skjemaet skal brukast som informasjon til nettstaden om kvalitetssatsinga i Helse Vest

### Prosjektnamn

Betre praksis for utskrivingsklare pasientar i somatisk spesialisthelseteneste – fase 2

### Prosjekteigar (helseforetak/avdeling/eining som er ansvarleg for prosjektet)

Helse Førde / Medisinsk klinikk / klinikkdirektør Olav Hesjedal

### Prosjektleder (kontaktperson)

Inghild Espeland Mowatt, Oversjokepleiar medisinsk sengepost FSS

### Bakgrunn for prosjektet/hovudpunkt

Dette er fase 2 av prosjektet Betre praksis for utskrivingsklare pasientar i somatisk spesialisthelseteneste, som og var i eit såkornprosjekt i 2010.

I fase 1 av prosjektet vart det i samarbeid med kommunane utarbeidd prosedyrar, sjekklister og standardbrev til kommunane som skal nyttast i Helse Førde ved utskriving av pasientar.

Det syner seg krevjande å få dette implementert og syte for at systemet faktisk vert brukt på alle avdelingar. Det er behov for å arbeide vidare med dette i fase 2 som ein del av prosjektet.

Fase 2 av prosjektet vil og vere mykje retta mot samhandling med kommunane.

For at kommunikasjonen og samhandlingsa skal fungere godt er det også eit stort behov for at aktuelle leiarar og tilsette i kommunane har kjennskap til Helse Førde sine rutinar slik at dei veit kva som kan forventast og kva som er deira oppgåver.

Kommunane må truleg også evaluere og utvikle egne rutinar for mottak av utskrivingsklare pasientar.

I dag nyttar Helse Førde mykje tid på å finne fram til rett kontaktperson i kommunane i det enkelte tilfellet, det er difor behov for eit system for dette.

I tillegg er det behov for kompetanseoverføring begge vegar for å sikre at pasienten får rett omsorg og behandling etter utskriving.

### Mål for prosjektet

1. Pasientane skal ikkje vere unødig lenge på sjukehus.
2. Pasientane skal oppleve ein god prosess, lik behandling og rett omsorg og behandling i kommunen etter utskriving.
3. Leiarar og andre tilsette i både spesialist- og kommunehelsetenesta skal oppleve at utskrivingsprosessane er gode. Dei aktuelle tilsette skal ha kjennskap til rutine og nytte dei.
4. Partane skal vere så godt førebudde som mogeleg før iverksetting av samhandlingsreforma

### Metodisk tilnærming / evaluering av effekt

Prosjektet nyttar Forbetringsprogrammet sine metodar.

**Del 1:**

Internt arbeid i Helse Førde.

Utvikle system for å auke kompetansen hjå heksepersoneell i helseføretaket om dei fastsette rutinane og kva desse inneber i praksis.

**Del 2:**

Ein vil invitere med fire kommunar til å delta i denne delen for å vurdere korleis dei fastette rutinane fungerer. I tillegg skal kommunane evaluere og ev utvikle eigne rutinar for å ta imot utskrivingsklare pasientar.

Prosjektet skal også gjennomføre møte med alle kommunar enkeltvis og ev regionale for å informere og ha dialog om arbeidet. Det vil bli etablert ein dialog med brukarutvalet i Helse Førde og ein tenkjer at det skal vere møte med råd for eldre og funksjonshemma i fire deltakande kommunane.

Evaluering av effekt:

- Pasientane skal ikkje vere unødig lenge på sjukehus: Tal utskrivingsklare pasientar før og etter gjennomføring av prosjektet bør vere ein måleparameter.
- Pasientane skal reelt vere utskrivingsklare ved utskriving. Det skal utviklast ein omforeint metode for måling av i kva grad det er unntak frå dette målet.
- Pasientane skal oppleve ein god prosess, lik behandling og rett omsorg/behandling i kommunen etter utskriving: Enkle brukarundersøkingar før og etter kan gje ein indikasjon på måloppnåinga.
- Leiarar og andre tilsette skal oppleve at utskrivingsprosessane er gode. Dei tilsette skal ha kjennskap til rutinane og nytte dei: Undersøkingar blant leiarar/andre tilsette før og etter for å registrere kunnskap om rutinane og opplevd tilfredsheit kan gje ein indikasjon på måloppnåinga.
- Utarbeidd sjekkliste skal nyttast. Uttak av rapportar på bruk av sjekkliste før og etter vil vise resultatet

**Planlagt bruk av resultat i eiga eining** (implementering i drift m. v.)

Prosjektet vil inkludere alle avdelingar/sjukehus i Helse Førde og alle kommunane direkte, og skal implementerast i drift.

Dette er eit felt som er kritisk viktig i høve til god pasientflyt og realisering av samhandlingsreforma

**Overføringsverdi / overføring av kunnskap til andre einingar i regionen**

Helse Førde har i dag kome langt med å utvikle rutinar på området, og vil kunne formidle ein god praksis til helseføretak og kommunar i andre fylke/regionar etter gjennomført prosjekt.

Resultat og kunnskap frå prosjektet kan presenterast på fagdagar internt eller i kommunal regi, og på konferansar.

**Oppstarttidspunkt** (planlagt)

August 2011

**Sluttidspunkt** (planlagt)

Haust 2012